



Alver kommune
Plan v/ Arealforvaltning
Postboks 4
5906 Frekhaug



667

Saknr.: 21-020 **Kommune:** Alver **gbnr.:** **Gardsnamn:** **Dykkar ref.:** 21/6328 - 21/83683

Offentleg ettersyn & høyring - Områderegeringsplan for Langelandskogen

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2021	Inn	13.12.2021	Alver kommune, Plan og byggesak v/Lennart Falkenberg-Arell	Offentleg ettersyn & høyring	SH

NGIR har mottatt Områderegeringsplan for Langelandskogen- Offentleg ettersyn og høyring, og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Alver kommune (og NGIR området forøvrig) har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved fellesløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar (berre for Alver kommune). I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 23.12.2021

Stein Hansen
-Kunderådgjevar-